

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Fvubo

Emne: Vering

Bygdelag:

Oppskr. av: Arund Ruvredal

Gard:

(adresse):

Fvubo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrive etter mor og Borte Frustrål, omkring 75 år, bondelensmann og det er minnet etter bestemor.

## SVAR

1. Til mennelker var det grøt og blåt vadsmål som var nytta, vevemåten var 3 og 4 skjefta etter som dei vilde ha det tjukt.
2. Til kvinnelker var nytta „verken“ det var tøy med bomullsbrenning og ull islatt. Dette var nytta til både brøye, ytter og understygart. Vevemåten 2 eller 4 skjefta.
3. Til skjorter var bruka bomullstøy, både til menn og kvinner. Vevemåte, 2 skjefta. Tøyet var til vanleg kalla „berti“ (lerefte.) Til underbukser for menn var nytta „verken“, kvinnone bruka ikkje underbukser.
4. Sengomheng minnest ingen no her vare nytta, men at det her vare nytta til himmelsengen i gamal tid er nok sikker.
5. I sengen var alltid nytta halm madrass, uppi den var lagt eit gelagg kalla „busbrua“ dette var som regel eit slitte ulltippe eller kvitel. Uppi kvitel ~~ho~~ „busbrua“ hadde dei so kvitel, vevemåte: 4 skjefta, ullbrenning og ullislatt. Ulltippen var vevemåte: 2 eller 4 skjefta. Lakar og puttar var av bomull eller lin.

2.  
4 eller 2 skjefta. Laken var ikkje nytta  
anna en når man var sjuk og vart liggande  
lange til sengs, og det var alltid linlaken  
som var nytta, fordi dette var bestu en  
bomullslaken mot sår (liggerår)

Linlaken skulde di alltid ha på kvar gard  
i sjukdomstifelle, fortalde bestemor.

Veremåten for sengetopper, åklær og liknande  
var, Brogdevering og Dakhvering.

Det er også nemd Haroldbrogde, men det er  
berre namnet som er kjendt no.

6 og 7. Veremåten for duker og håndklær var  
kalla "Dreil", servietter var ikkje brukte.

Tillegg til nr. 5. Anna Reiersdal at det var ein slags  
vering som var kalla "Skjätillbrogd".

Eg såg toppe som var voren slik men eg  
fann ikkje at der var noe særlig av interesse  
med denne slags veringen.

Ein veremåte som her etter det eg kann  
finne ut, har vore langt meir i bruk før  
nu no er "Feppevering"

Veremåten er kjendt no og, so man nærare  
opplysning om den finn eg utvande, men  
vil allikevel nemne at det var denne  
veremåten som var brukte til barnetopper,  
topper som di brukte til å ~~svi~~ sveipe  
små barn i når di skulde ut og reise  
med <sup>di</sup>, særlig til dåpen.

Feppet var sveipt utpå di andre  
klædi

(Haroldbrog og Skjätillbrogd skal  
vere det same.)